



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgnesand
Postboks 62
6801 Førde
Telefnr: 57833642
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 26.05.2008.

Litt frå jordbruksavtala 2008 for geitmjølkproduksjonen.

Den framforhandla avtala har ei ramme på 1.900 millionar kroner. Dette er fordelt med 1.505 millionar kroner i auka målprisar, 350 millionar kroner i auka budsjettmidlar og 45 millionar kroner i ledige midlar frå 2007.

Gjennomsnittleg inntektsauke skal etter denne avtala bli kr 9.000 pr. årsverk i 2008, og kr 22.000 pr. årsverk i 2009, dvs. samla inntektsauke på 31.000 pr. årsverk.

Dei viktigaste postane i avtala:

- Målprisen for geitemjølk opp 17 øre frå 01.07.08 og opp 20 øre frå 01.01.09.
- Grunntilskot geitemjølk opp 14 øre
- Distriktstilskot mjølk opp 2 øre
- Driftstilskot geitemjølk opp 6000 kroner
- Distriktstilskot kjøtt opp 20 øre
- Husdyrtilskot, mjølkegeit opp 220 kroner
- Tilskot til kjeslakt over 5,0 kg (endra frå 3,5 kg) opp 17 kroner
- Utmarksbeitetilskot uendra (kr 85,00 pr. dyr)
- Beitetilskot sone 1-4 opp kr 10,00 pr. dyr
- Tak for tilskot til husdyr opp kr 20 000 til kr 240 000.
- Tilskot til avløyning opp 5 %, ny makssats kr 55 500
- Maksimalsats for avløyning ved sjukdom opp kr.100
- Botnfrådraget pr. bruk reduserast med kr 1000
- Trekk i produksjonstilskot til pensjonistar reduserast med kr 5000, dette inneber at det ikkje lenger blir trekk i produksjonstilskotet der eigar er mellom 68 – 70 år.
- Taket på kr 175 000 i anna inntekt i samband med tidlegpensjonsordninga fjernast
- Kroner 15 millionar til Friskare Geiter
- Muleg å leige kvote opp til samla kvote på 200 000 liter geitemjølk frå 01.01.10
- Øvre grense for investeringstilskot aukar frå kr 600 000 til kr 750 000, utlånsramma for lån med rentestøtte vidareførast med 700 millionar kroner i 2009. Det skal ikkje vere noko nedre grense for storleiken på søknad eller støttebeløp for dei fylkesvise BU-midlane.

Ola Søgnesand